

Ard arealplan as  
Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

Deres ref.: ard16005  
Vår ref.: 11646375

Dato: 08.02.2016

## **Merknad Langheiane oppstart reguleringsplanarbeid gnr 188, bnr 772, 775, 776 m.fl. i Lindås kommune**

Viser til mottatt varsel vedrørende overnevnte datert 05.02.16

### **Hensyn til høyspent distribusjonsnett**

Innenfor regulert område, har BKK Nett AS 22 kV høyspenningslinje og høyspenningskabel. Disse høyspenningsanleggene inngår i distribusjonsnett for elektrisk energi, og er nødvendige komponenter i den lokale strømforsyningen.

Nevnte anlegg er bygget i medhold av områdekonsesjon, jf. energiloven § 3-2. Omlegging av disse anleggene fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivaretas.

Dersom planen skal forutsette omlegging av eksisterende høyspenningsanlegg, må det settes av plass til nye traseer for disse. Vi gjør videre oppmerksom på at det som hovedregel er den som ønsker å få et høyspenningsanlegg omlagt eller flyttet, som selv må bære kostnaden med dette. BKK Nett AS vil kreve full kostnadsdekning. Vi viser til vedlagt kartskisse som viser eksisterende nettanlegg i planområdet.

### **Nettstasjoner**

I tilknytning til regulert område, på sørsiden av Lonsvegen, har BKK Nett as en eksisterende nettstasjon.

Det er uklart om eksisterende strømfordelingsanlegg i området vil være tilstrekkelig til å forsyne hele det regulerte området. Vi ber derfor om at BKK Nett kontaktes når detaljplan for utbygging og utnytting av området foreligger. Vi kan da beregne hva som vil trenge av forsterkninger i nettet, og også angi omtrent hvor nye anlegg bør plasseres.

Dersom det vil være behov for en ny nettstasjon, må denne plasseres minimum én meter fra veikant og utenfor veiens frisktsoner. Størrelsen på nettstasjonen vil være opptil 2,5 x 4 meter.

Dersom behov, er det ønskelig at areal til nettstasjon innreguleres med passende arealformål, jf Pbl § 12-5 andre ledd nr 2. Alternativt kan det tas inn i planbestemmelsene at nettstasjon skal kunne etableres og innenfor hvilket reguleringsformål den skal plasseres. I siste tilfelle må det også tas inn i bestemmelsene de sikkerhetssoner som gjelder for nettstasjoner.

For både nye og eksisterende nettstasjoner gjelder at disse må stå minst 5 meter fra bygning med brennbare overflater. Avstanden gjelder også til terrasser og lignende utstikk som er direkte knyttet til huset og som er brennbar. Nettstasjon kan stå i en avstand av minst 3 m fra bygninger med ikke brennbare overflater, og kan stå inntil bygning når vegg som vender mot transformatoren er utført i brannteknisk klasse minste REI 60/A2-s1 eller tilsvarende.

Avstanden kan være minst 1 m fra mindre viktig bygning og garasje for inntil to biler når veggen som vender mot transformatoren er ubrennbar og avstand mellom garasje/ mindre viktig bygning og viktig bygning er minst 2 meter.

#### **Kabler**

Høyspenningsskablene som ligger innenfor planområdet, må tas hensyn til. Normalt kan det bygges så nært inntil kabelgrøften som én meter fra senter. Viktig er det imidlertid at fremtidig tilkomst til kabelgrøftene ikke hindres.

#### **Høyspennings luftledninger**

De høyspennings luftledningene som ligger innenfor planområdet, må tas hensyn til. Ledningene har et byggeforbudsbelte på 16 meter, 8 meter målt horisontalt ut til hver side fra senter. Vi ber om at traseen med byggeforbudsbeltet må registreres i planen som arealformål trasé for nærmere angitt teknisk infrastruktur, jf. Plan- og bygningsloven § 12-5 nr 2, eller som en hensynssone (faresone).

#### **Kontaktinformasjon**

Dersom plankonsulent/ tiltakshaver/ kommunen ønsker flere opplysninger om eksisterende distribusjonsanlegg/ behov for nye anlegg/ flytting av eksisterende anlegg, kan det tas kontakt med Nettutvikling v/ Jon Egil Einestrand på mobil 95 16 38 68 eller e-post [jee@bkk.no](mailto:jee@bkk.no)

Det er viktig at eventuelle behov for omlegginger, forsyninger, forsterkninger, endringer av elektriske installasjoner blir tilkjennegitt på et tidlig tidspunkt.

Vennlig hilsen  
BKK NETT AS




Per Ivar Tautra  
Spesialrådgiver



Jon Egil Einestrand  
Spesialrådgiver Nettutvikling

Vedlegg kartskisse, tegnforklaring



<b>Kartskisse Langheiane</b>		
		Målestokk: 1: 1 500
		Dato: 08.02.2016
		
BKK Nett AS, Kokstadveien 37, Pb. 7050, 5020 Bergen, Tlf. 5512 7000		

## Tegnforklaring:

- Nettstasjon
- Høysp. mast
  - Distribusjon
  - Transmisjon
- Høysp. luft bryter
- Høysp. muffe
- - - Høysp. kabel frakobl
- - - Høysp. kabel ut av d
- Høysp. kabel
  - Distribusjon
  - Transmisjon
- Høysp. luftlinje
  - - - Distribusjon
  - - - Transmisjon
  - - - Frakoblet
- Eiendom
- Byggesak Bergen
- - - Vei i Tunnell (Vbase)



## Statens vegvesen

Ard Arealplan  
Nygårdagaten 114  
5008 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:  
16/21097-2

Dykkar referanse:  
ard.:16005

Vår dato:  
09.02.2016

### Varsel om oppstart av reguleringsplan for Langheiane B8 og B9 – gnr. 188 bnr. 772 / 775 og 776 m. fl. – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 05.02.16 med varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Langheiane B8 og B9, gnr. 188, bnr. 772 m. fl. I Lindås kommune.

Planområdet er på om lag 28 daa og ligg sentral i Knarvik, nordaust for sentrum. Området er regulert i områdeplan for Knarvik aust, del av gnr. 188, Gjervik. Denne områdereguleringsplanen sette krav om detaljregulering av felta B8 og B9. Området har tilkomst frå E39 og ligg om lag 300 meter mot nordvest på den kommunale vegen Lonsvegen.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustadutbygging med tilkomst frå den kommunale vegen Lonsvegen.

Arealet er som nemnd tidlegare regulert i områdeplanen for Knarvik Aust. Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til at området no vert detaljregulert til bustadutbygging i samsvar med tidlegare godkjend plan. Krysset med E39 er tidlegare utbetra og har tilfredsstillande standard.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Høydalsvik Odd

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Kopi

Hordaland fylkeskommune Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Ard arealplan as  
Nygårdsgaten 114  
5008 Bergen



**Saknr.:** 16-003      **Kommune:** Lindås      **gbr.** 188/772, 775, 776 m.fl      **Gardsnamn:**

**Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid (Langheiane B8 og B9).  
Dykkar ref.: ard16005**

**Dokumentliste:**

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2016/106069	Inn	05.02.2016	Anja Vik	Oppstart reguleringsplanarbeid	HOK

NGIR mottatt varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid, og har følgjande merknader:

**Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:**

I Lindås kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. I tillegg er det viktig at tilkomstvegen – til hentestaden – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta den. Hentestaden bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestaden. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsveg (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 9. februar 2016

Henrik O. Kjøpstad  
-kunderådgjevar -

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Sendt:** 3. mars 2016 11:18  
**Til:** Ard arealplan as  
**Kopi:** postmottak@lindas.kommune.no  
**Emne:** Uttale - Oppstartsmelding - Lindås - Gnr 188 bnr 772 775 776 m fl -  
Langheiane B8 og B9 - Bustadbygging - Detaljregulering

**Lindås kommune gnr. 188 bnr. 772, 775, 776 m. fl. – Langheiane – uttale til oppstart av reguleringsplan**

Dykkar referanse: ard16005

Vi viser til dykkar brev av 05.02.2016 med melding om oppstart av planarbeid.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planforslaget ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdere planarbeidet opp mot forskrift om konsekvensutgreiing av planar.

Fylkesmannen minner om at statlege retningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken. Fylkesmannen vil likevel koma med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

***ROS-analyse***

Kommunane skal fremja samfunnstryggleik i si planlegging, jf pbl § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal visa risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

***Klima og energi***

Kommunen skal i si planlegging innarbeida tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar og sikra meir effektiv energibruk og meir miljøvenleg energiomlegging, jf. statlege planretningsline for klima- og arealplanlegging av 04.09.2009. Vi viser også til dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging der ein peikar på at kommunane skal leggja vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester.

Vi viser også til miljødirektoratet si nettside [www.klimatilpasning.no](http://www.klimatilpasning.no) der ein finn aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing.

***Samordna bustad, areal og transportplanlegging***



I følge statlege retningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging av 26.09.2014 skal utbyggingsmønster og transportsystem samordnast for å oppnå effektive løysingar, og slik at transportbehovet vert avgrensa og ein legg til rette for klima- og miljøvennlege løysingar.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremma utvikling av kompakte byar og tettstader, redusera transportbehovet og leggja til rette for klima- og miljøvennlege transportformar.

Potensialet for fortetting og transformasjon bør utnyttast før nye utbyggingsområde tas i bruk. Nye utbyggingsområde bør lokaliserast sentralt i kommunen. Utvikling av nye, større bustadområde må sjåast i samanheng med behovet for infrastruktur.

I område med lite utbyggingspress, og der lokale myndigheiter vurderer det som nødvendig for å auka attraktiviteten for busetting, kan det planleggast for eit meir differensiert busettingsmønster.

Planlegging skal bidra til å styrka sykkel og gange som transportform.

### ***Barn og unge***

Rikspolitiske retningslinjer av 01.09.1989 og rundskriv T-2/08 stiller krav til ivaretaking av barn og unge sine interesser i planprosessen. Kommunen skal organisera planprosessen slik at ulike grupper av barn og unge får høve til å delta, og slik at synspunkt som gjeld barn kjem fram og vert ein del av prosessen. Vi viser elles til temarettleiar T-1513 om barn og unge og planlegging etter plan- og bygningslova, samt rettleiar H-2302 om medverknad i planlegging.

Barn skal ha areal i nærmiljøet der dei kan utfalde seg og skapa sitt eige leikemiljø. For å få det til må ein ha tilstrekkeleg store areal som eignar seg for leik og opphald og som gir moglegheiter for ulike typar leik til ulike årstider. Areala må vidare kunne brukast av ulike aldersgrupper og gi moglegheit for samhandling mellom barn, unge og vaksne. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.

Der ein endrar arealformål for areal som er sett av til fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna til leik, skal det skaffast fullverdig erstatningsareal, jf. pkt. 5d i retningslinjene. Det er også krav om fullverdig erstatningsareal ved omdisponering av uregulert areal som er i bruk til eller er eigna til leik.

### ***Folkehelse***

Alle planar skal fremma helse i befolkninga og motverka sosiale helseforskjellar, jf. pbl. § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4.

Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl. § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.

### ***Busetjing av flyktningar***

Fylkesmannen rettar særleg merksemd i plansamanheng på bustad, integrering og mangfald, og oppfordrar kommunane til å busette fleire flyktningar. Kommunane i Hordaland skal busetje flyktningar i samsvar med dei nasjonale måla for rask busetting. Planarbeidet i kommunane er ein av reiskapane for å få til god busetting av flyktningar over tid. Vi ber difor kommunen om å vurdere moglegheitene for om denne planen er godt eigna for å få busett flyktningar.

Det er også understreka i dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging at kommunane i si planlegging må leggja til rette for tilstrekkeleg og variert bustadbygging tilpassa til ulike grupper sine behov. Vi minner i så måte om at Husbanken gjev tilskot til

kommunane til ulike føremål og målgrupper.

### **Støy**

Retningslinje T-1442/2012 for behandling av støy i arealplanlegging skal leggjast til grunn av kommunane i deira planlegging. Der går det fram at alle nye reguleringsplanar bør visa tilgjengelege støysonekart innanfor planområdet på eigna måte. Dersom det er fastsett omsynssoner i kommuneplanen skal desse leggjast til grunn for utarbeiding av reguleringsplanar.

Der er vidare krav til at ein så tidleg som mogleg i planprosessen skal gjera støyfaglege utgreiingar, der støynivå vert talfesta i tabell og/eller i berekningspunkt i kart for representative høgder (t.d. ved fasadar og uteopphaldsareal). Vi viser elles til støygrensene som går fram av tabell 3 i retningslinjene.

I gul støysone bør ein vera varsam med å tillate etablering av nye bustader, fritidsbustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, skular og barnehagar. I utgangspunktet bør slik busetnad berre tillatast der ein gjennom avbøtande tiltak klarer å overhalda dei anbefalte grenseverdiane. Etablering av andre bygningar med støyfølsame formål slik som kontor og overnattingsstader bør berre tillatast der ein kan tilfredsstilla krava i TEK10 til innandørs støynivå.

Områda som ligg i raud sone er lite eigna til støyfølsame bruksformål grunna det høge støynivået. Kommunane bør difor ikkje tillate etablering av bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, skular og barnehagar i desse områda. Kommunane bør vidare vera varsam med å opna for annan ny busetnad eller arealbruk med støyfølsame bruksformål.

I sentrumsområda i byar og tettstadar, spesielt rundt kollektivknutepunkt, er det aktuelt med høg arealutnytting av omsyn til samordna areal- og transportplanlegging. I område som er avsett til slikt formål i arealdelen av kommuneplanen, kan ein vurdera å opna for bygg med støyfølsamt bruksformål. I område der ein tillét avvik, må det stillast konkrete krav til busetnaden som at ein skal ha ei stille side og at støykrav for uteopphaldsareal skal vera tilfredsstilt. Grunnskular og barnehagar bør ikkje etablerast i raud sone.

### **Naturmangfald**

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må koma tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

### **Kjøpesenter**

Regional plan for attraktive senter i Hordaland skal leggjast til grunn i den kommunale planlegginga, jf. pbl § 8-2. I den samanheng viser vi m.a. til regional planføresegn 4.1 der det går fram at nytt bruksareal for detaljhandel berre er tillate i nærare definerte senterområde.

Formålet med avgrensinga er å styrka eksisterande by- og tettstadssentre og bidra til effektiv arealbruk og miljøvennlege transportval.

### **Medverknad**

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikra at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

På nettsida [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikra god framdrift i planprosessane stiller Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet!

Med helsing

Hege Brekke Hellesøe  
Rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga  
Tlf: 55 57 23 52  
[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)

Abonner på nyhende frå Fylkesmannen

. Tenk miljø - ikkje skriv ut denne e-posten med mindre det er naudsynt

## Anja Vik

---

**Fra:** Ard arealplan as  
**Sendt:** 11. mars 2016 11:30  
**Til:** Anja Vik  
**Emne:** VS: Gjeld varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Langheiane B8 og B9 - GBnr 188/772 mfl - Lindås kommune

Med beste helsing  
Jan Espen Vik  
Dagleg leiar · By- og regionplanleggar

Ard arealplan as

---

**Fra:** Otnes Toralf [mailto:toot@nve.no]  
**Sendt:** fredag 11. mars 2016 10.44  
**Til:** Ard arealplan as <post@ardarealplan.no>  
**Emne:** Gjeld varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Langheiane B8 og B9 - GBnr 188/772 mfl - Lindås kommune

Syner til brev datert 05.02.2016

NVE har ingen innspel til planarbeidet.

Med helsing

**Toralf Otnes**  
Senioringeniør  
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga  
Seksjon: Region vest

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35

E-post: [toot@nve.no](mailto:toot@nve.no)

Web: [www.nve.no](http://www.nve.no)





ARD AREALPLAN AS  
7 etasje Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

Dato: 14.03.2016  
Vår ref.: 2016/1578-4  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til oppstart av reguleringsplan, Langheiane B8 og B9, Lindås kommune

Vi viser til brev datert 05.02.2016 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Langheiane, B8 og B9, gnr. 188, brn. 772 m.fl. Lindås kommune. Hovudføremålet med reguleringa er bustader. Føremålet er i hovudsak i samsvar med overordna plan der området er sett av til bustad. Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

I det vidare planarbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne og kulturmiljø
- Senter- og tettstadsutvikling
- Universell utforming

### Meir om senterutvikling

Planområdet ligg sentralt plassert nordaust for sentrum i Knarvik. Det er viktig å styrke kvaliteten ved senterområde som attraktive stader og gode møtestader for kulturelt og sosialt samvær. Dette skapar gode lokalsamfunn der menneske ynskjer å bu. Hordaland fylkeskommune viser til den regionale planen for attraktive senter som vart vedtatt hausten 2014. I planen er Knarvik registrert som regionsenter. Vi ber om at planarbeidet støyr opp under ei god utvikling av regionsenteret.

### Meir om friluftsliv og folkehelse

Vi minner om at planområdet ligg tett inntil det regionale friluftsområdet Indregardsfjellet - Storvarden. Friluftsområdet er registrert som regionalt markaområde med høg verdi. Vi ber om at planarbeidet sikrar grøntstruktur og god ferdsle for ållmennta mot friluftsområdet.

### Meir om landskap

Planområdet er kuppert med til dels store høgdeforskjellar. Vi ber om at det vert teke omsyn til landskap og terreng i planarbeidet og at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene. Det renn ein bekk gjennom planområdet. Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet har omsyn til overvann og flom. Vi minner om at bekker er viktige mottakarar av vatn ved store nedbørsmengder. Det hadde vore positivt dersom planarbeidet kunne sikra at bekkene vart halden open.

### Meir om barn og unge

Planlegginga skal ha omsyn til barn og unges interesser og sikre gode og trygge oppvekstvilkår. Det er viktig at uteopphaldsareal og areal til leik vert sikra. Arealane må være store nok og egne seg for leik og opphald for barn i ulike årstider og i ulike aldersgrupper. Eit anna moment når ein planlegg for barn og unge er trafikksikker skuleveg. Vi ber difor om at planarbeidet skildrar korleis born i området kjem seg trafikksikkert til skulen.

### Meir om kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Hordaland fylkeskommune har difor ingen avgjerande merknader på noverande stadium i planarbeidet når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminne og kulturmiljø, senterutvikling og universell utforming.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga